



Vang kommune

Reidar Thune
Tyinvegen 3803
2973 Ryfoss

Dykkar ref.:

Vår ref.:

AAEEMI-2022004573 -6

Arkiv:

GBNR-96/23

Vår dato:

26.06.2026

Saksnr.	Utval
126/26	Hovudutval for utvikling

Løyve til tiltak - Tilbygg

Tiltak: Tilbygg
Byggjestad: Gbnr: 96/23 Tyinvegen 3803
Tiltakshavar: Reidar Thune
Tyinvegen 3803
2973 Ryfoss

Vedtak

Vang kommune godkjenner søknad om løyve til tilbygg på eigedomen gnr. 96 bnr. 23.

Vedtaket er fatta med heimel i plan- og bygningslova § 20-4, jf. kommunelova § 5-3 og Vang kommune sitt delegeringsreglement.

Saksopplysningar

Det er søkt om løyve for tilbygg på eksisterande bygning på eigedomen med gnr. 96 bnr. 23. Eigedomen er regulert til «LNFR» i kommuneplanens arealdel. Omsøkte tiltak blir vurdert til å vere i samsvar med føremål og føresegner i kommuneplanens arealdel.

Kommunen fekk søknad om tiltaket 25.06.2026. Tilbygget har eit bebygd areal (BYA) på 23 m². Søknaden har situasjonsplan og naudsyn teikningar, og var komplett ved mottaking.

Teikningsdokumentasjon

Løyvet er basert på teikningar med journaldato 25.06.2026

Føresetnader med heimel i lovverket

- Er tiltaket ikkje sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld om tiltaket blir innstilt i lengre tid enn 2 år, jf. pbl § 21-9.

- Bygningen/ tiltaket må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det dette løyvet føreset.
- Skifte av tiltakshavar under gjennomføringa skal straks meldast til kommunen både av den opphavlege og den nye tiltakshavaren, jf. pbl § 23-2.
- Det er tiltakshavar sitt ansvar å sjå til at bygget blir oppført i tråd med føresegn i plan- og bygningsloven med tilhøyrande teknisk forskrift og dimensjoneringsstandardar.
- Mindre endringar undervegs må normalt avklarast med kommunen på førehand. Om tiltaket inneheld korreksjonar ut frå godkjente teikningar, så må desse visast fram ved søknad om ferdigattest.
- Ingen bygning eller anlegg kan takast i bruk utan at det ligg føre anten midlertidig bruksløyve eller ferdigattest frå kommunen, jf. pbl § 21-10.

Du kan klage på dette vedtaket

Eventuell klage må leverast skriftleg til kommunen innan tre veker etter at vedtaket er gjort kjent. Dersom kommunen ikkje tek klaga til følge, blir klaga send vidare til Statsforvaltaren i Innlandet for endeleg avgjerd.

Gebyr

Du må betale eit gebyr på kr 8 360, jf. Vang kommune sitt gebyrregulativ. Faktura blir ettersendt.

Med helsing

Emilie Aaen

Saksbehandlar bygg og tilsyn

Dir. tlf.: 418 76 349

E-post: emilie.aaen@vang.kommune.no

Etter rutinane våre er dette dokumentet godkjent og sendt utan underskrift.